



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1843-

01.04. 2022

## Svar på spørsmål til skriftleg svar nr. 1665 frå representant Sigbjørn Framnes

Eg viser til brev frå Stortingets president oversendt 25. mars 2022 med spørsmål nr. 1665 frå representanten Sigbjørn Framnes til skriftleg svar om spelemiddel og etterslep.

### Spørsmålet lyder:

*Kan ministeren gi ein oversikt pr. fylke av etterslepet på spelemidlar?*

### Svar:

Det er litt uklart kva representanten spør om sidan spelemidlar blir fordelt etter eit breitt spekter av kriterium og til ulike organisasjonar, tiltak, lag og foreiningar og så vidare. Eg går likevel ut frå at det her blir spurt om den delen av spelemidlane som handlar om søknader til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og som blir fordelt gjennom tildeling til fylkeskommunane.

Som representanten kanskje er kjend med, er fylkeskommunane midt oppe i behandlinga av søknadane for i år. Svaret mitt tar derfor utgangspunkt i tal frå fordeling gjort i 2021.

Det er over mange år søkt om meir i spelemidlar enn det er pengar til fordeling. Differansen mellom søknadssum og tildelte midlar, inkl. renter og inndregne midlar, låg i 2013 på om lag 2,25 milliarder kroner og i 2021 på om lag 4,4 milliardar kroner.

Differansen per fylke såg i 2021 slik ut:

Agder	246 989 000
Innlandet	333 490 000
Møre og Romsdal	283 604 000
Nordland	338 639 000

Oslo	16 059 000
Rogaland	476 313 000
Troms og Finnmark	237 577 000
Trøndelag	559 709 500
Vestfold og Telemark	261 848 000
Vestland	741 695 000
Viken	901 063 000
Sum	4 396 986 500

Fordelinga i år blir ikkje klar før primo mai.

Med helsing



Anette Trettebergstuen